

Radøy Kommune

20.02.14

Radøyvegen 1690

5936 Manger

v/ byggesak

v/ Line Hervig

Norwegian Weather Protection AS

Lurevegen 66

5912 Seim

v/ Ingebjørg Eide,

prosjektleder

Tlf. 476 55 087

E-post: [ingebjorg@nwp.as](mailto:ingebjorg@nwp.as)

## Søknad om dispensasjon frå 4 m til nabogrense

Etter samtalar med tilsett Kjetil Møn i Møn Eigedom AS, har vi kome fram til at vi skal sende inn ein dispensasjonssøknad frå 4 meter byggjegrænse som gjeld for eigedomen med gards- og bruksnummer 106/139. Eg sende ut nabovarsel den 05.02.14 og ingen av naboane har kommentert saka. Dette var to veker sidan i går, og eg går derfor no vidare med dispensasjonssaka.

På den omtala staden i Radøy er det regulert til industriføremål. Tiltakshavar eig to tomter rett ved sida av kvarandre i området, og har planar om å utnytte arealet til lagring. På den eine tomten som er nærast vegen har han ein kontor- og verkstadsbygning, og på den andre tomte bakom er det for tida ingenting. Det er på den tomte han ønskjer å setje opp ein lagerbygning til verktoy og maskinar og liknande. Det er tidlegare gjeve løyve for å byggje noko på den tomten, for ein ser omrisset av eit bygg på kartet. Det vart derimot ikkje realisert på det tidspunktet.

Det søkjast om oppføring av ein plasthall i storleiken 20x36x5 meter (sjå innteikna på kart) på eignedomen. Grunnen til at eigar av tomta, Kjetil Møn, ønskjer å setje opp lagerbygninga er fordi han manglar lagerkapasitet til reiskap, bilar, verktøy og anna som ikkje burde stå ute i vêr og vind, og han vil ha dei under tak i løpet av vinteren/våren. Den raskaste og rimelegaste løysinga for Møn vil vera å setje opp ein hall på eiga grunn. Møn vil også reise ei lita lagerhall for vegsalt. Denne skal derimot stå innanføre 4 m frå tomtegrense, så her trengs inga dispensasjon.

PBL §19-2 stadfester at *fordelene ved å gi dispensasjon må være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering*. Etter mitt skjønn er det så absolutt større fordelar enn ulempar ved å gje eit dispensasjonsløyve i denne saka. Naboane har akseptert tiltaket og det er ikkje eit tettbygd område kor andre vert sjenerte av bygninga. Det at nokon tek ansvar for å halde industrien og utviklinga på bygda ved lag er noko som tilfører kommunen økonomisk og ikkje minst sosial vekst, og målet til kommunen bør vere å leggje til rette for ein vidare vekst, og fjerne eventuelle hindringar. Kommunen skal vere eit styringsorgan som skal leggje føringar for blant anna slike saker som dette, men kommunen skal også leggje til rette for trivsel, utvikling og samarbeid mellom innbyggjar og stat.

Vonar dette lar seg løyse og på ein snarleg tilbakemelding.

For Møn Eiendom AS og Norwegian Weather Protection AS ,

Ingebjørg Eide

